



Harald Mellingen Nordbø Marina  
Radøyvegen 2735  
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/17986 - 20/78356

Saksbehandlar:

Maya Riise

maya.riise@alver.kommune.no

Dato:

08.12.2020

## **Varsel om kontroll etter søknad om RMP (regionalt miljøprogram i jordbruket) pr 15.10.2020**

Alver kommune viser til foretaket sin søknad om RMP i jordbruket, oktober 2020

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av RMP tilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2020-19, punkt 4.51, seier at minst 5 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang. Kommunen kan kontrollera heile eller delar av søknaden. **Dette året vil kontrollen vera ein stadleg kontroll som gjeld søknad om tilskot til brenning av kystlynghei**

Kommunen ynskjer å dokumentera ved stadleg kontroll kor stort areal av kystlynghei som er brent ifm med søknadsomgangen 2020 jamnfør opplysningar i søknaden

**Kontrollen vert utført veke 51. Vi ber om at føretaket tek kontakt for å avtale tidspunkt så snart som mogleg og seinast innan fredag 11.12. 20 veke 50**

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

### **Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll**

Dersom de har spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna på epost eller telefon 56375646

Med helsing  
Alver kommune, Landbruk

Maya Riise  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Mellingen Nordbø Marina Radøyvegen 5937 BØVÅGEN  
2735